

Saksbehandlar: Ingeborg Lie Fredheim, Opplæringsavdelinga  
Sak nr.: 14/3231-1

## **Fagskulen i Sogn og Fjordane - avklaring av ansvar og mynde, økonomiske rammer og bygningsmessige tilhøve**

**Fylkesrådmannen rår hovudutvalet for opplæring til å gje slik tilråding:**

**Hovudutvalet for opplæring rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Dei reviderte vedtektene for Fagskulen i Sogn og Fjordane vert vedtekne slik dei går fram av vedlegg 1. Det er ikkje behov for å endre vedtektene når det gjeld styret sitt ansvar.
2. Dei økonomiske driftsrammene for Fagskulen i Sogn og Fjordane vert handsama som ein del av dei årlege prosessane med budsjett og økonomiplan.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune nyttar, inntil vidare, opsjonen med årleg forlenging av eksisterande leigeavtale for areal til Fagskulen i Sogn og Fjordane.

### Vedlegg:

1. Framlegg til reviderte vedtekter
2. Notat frå NHO Sogn og Fjordane til Sogn og Fjordane fylkeskommune v/fylkesrådmannen, datert 18.10.13
3. Notat frå Sunnfjord Næringsråd til Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane v/fylkesordførar Åshild Kjelsnes, datert 05.11.13
4. Eventuell uttale frå styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane (vert ettersendt)

### Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Brev frå Fagskulen i Sogn og Fjordane v/rektor til fylkesrådmannen, datert 31.01.14

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Samandrag**

Fylkesrådmannen legg med dette fram ei sak om følgjande forhold knytt til Fagskulen i Sogn og Fjordane:

- Presisering av ansvarsdelinga mellom styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane og fylkeskommunen sine ordinære organ.
- Endring av vedtektene som følgje av krav frå NOKUT (Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen)
- Økonomiske rammer
- Bygningsmessige tilhøve for avdelinga i Førde.

Fylkesrådmannen konkluderer med at gjeldande vedtekter for Fagskulen i Sogn og Fjordane er dekkjande for ansvarsdelinga mellom styret og fylkestinget/våre faste organ og gjer difor ikkje framlegg om vedtektsendringar på dette punktet.

Fylkesrådmannen tilrår at vedtektene vert endra i samsvar med tilbakemeldinga frå NOKUT.

I saka vert det vist til at regjeringa har oppnemnt eit offentleg utval som skal gå gjennom fagskuleutdanninga på breitt grunnlag; m.a. avklare fagskulen sin plass i utdanningssystemet, korleis kompetansen vert verdsett i arbeidslivet og utdanningssystemet og korleis finansieringsordninga skal vere. Utvalet skal levere sin endelege rapport (NOU) seinast innan utgangen av 2014. Dette arbeidet skapar uvisse om kven som i framtida skal ha ansvar for fagskuleutdanninga.

I saka gjer fylkesrådmannen vurderingar rundt det statlege tilskotet til fagskuleutdanning og den økonomiske drifta for Fagskulen i Sogn og Fjordane. Røynsle frå dei siste åra viser at det er utfordrande for fagskulen vår å tilpasse drifta til dei økonomiske rammene. Fylkesrådmannen viser til at han, med bakgrunn i den forventa økonomiske stoda for fylkeskommunen framover, ser det som naturleg å arbeide mot å etablere ei økonomisk ramme for fagskuleutdanninga som er på eit lågare nivå enn dagens løyving. Det er grunn til å sjå føre seg at tilpassing av drifta til ei lågare økonomisk ramme enn den skulen har i dag vil krevje endringar i organisering og tilbod. Fylkesrådmannen meiner det vil vere uheldig å setje i gang omfattande arbeid med endring av organiseringa av fagskuleutdanninga no, når det frå sentralt hald er i gang arbeid med grunnlaget for utvikling og finansiering av fagskuletilbodet. Som følgje av framlegget til nytt inntektssystem meiner likevel fylkesrådmannen at dei økonomiske rammene for Fagskulen i Sogn og Fjordane må handsamast som ein del av prosessane med årlege budsjett og økonomiplanar.

Fagskulestyret vedtok i sak 19/13 at avdeling Førde og administrasjonen skal vera lokalisert i Førde så nær det teknologiske miljøet som mogleg og at ei ev. flytting skal gjennomførast i god tid før utgangen av noverande leigeavtale 01.08.2015. I avtalen ligg det ein opsjon på at avtalen kan forlengast år for år fram til 01.08.2021. Som følgje av uvisse knytt til det framtidige ansvaret for fagskuleutdanninga og sidan flytting til nye lokale i Førde truleg vil gje auka kostnader, tilrår fylkesrådmannen at noverande leigeavtale vert vidareført.

Fylkesrådmannen har sendt saksutgreiinga til styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane for uttale. Eventuell uttale frå fagskulestyret vil bli ettersendt og følgje som prenta vedlegg til saka.

## **2. Bakgrunn for saka**

Fylkesrådmannen har erfart at det er behov for å presisere ansvarsdelinga mellom styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane og fylkestinget/fylkesrådmannen. Kva for fullmakter har styret og korleis skal fylkesrådmannen – etter delegert mynde frå fylkestinget – følgje opp styret og den administrative leiinga ved skulen?

Det er dessutan behov for å gjere vedtektsendringar som følgje av krav frå NOKUT (Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen) om dette.

Fylkestinget handsama skulebruksplanen for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane i sak 26/13. Fagskuleutdanninga er ikkje ein del av den vidaregåande opplæringa og var difor ikkje ein del av skulebruksplanen. I høyringsutkastet, som låg til grunn for saka, heiter det m.a.:

«Dersom det vert ledig areal som følgje av vedtak i skulebruksplanen, meiner fylkesrådmannen det vil vere naturleg å vurdere fagskulen sitt arealbehov opp mot dette.»

I budsjett 2014 og økonomiplan 2014-2017 heiter det m.a.:

«Sett i lys av fylkeskommunen sin samla bygningsmasse og kostnadane knytt til drift av fagskulen i Sogn og Fjordane, skal det i første halvår 2014 gjerast ein gjennomgang av drift og organisering av skulen.»

Styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane handsama i sak 19/13 framtidig lokalisering for fagskulen i Sogn og Fjordane. Styret gjorde følgjande vedtak:

1. «Fagskulen i Sogn og Fjordane avdeling Førde og administrasjonen skal vera lokalisert i Førde så nært det teknologiske miljøet i Førde som mogleg. Maritim avdeling i Måløy vert lokalisert som no.
2. Rektor skal gjere ein gjennomgang av arealbehov og leggje fram romprogram for avdelinga i Førde etter den aktiviteten styret har vedteke.
3. Styret vedtek romprogram på neste styremøte som grunnlag for vidare prosess i regi av fylkesrådmannen. Prosessen med eventuell flytting må kunne gjennomførast i god tid før utgangen av noverande leigeavtale 0.8.2015.»

Fagskulestyret vedtok i sak 3/14 arealplan/rombehov for avdelinga i Førde.

Fylkesrådmannen legg med dette fram sak om Fagskulen i Sogn og Fjordane med følgjande problemstillingar:

- presisering av ansvarsdelinga mellom styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane og fylkestinget (fylkesrådmannen)
- endring av vedtektene som følgje av krav frå NOKUT om dette
- økonomiske rammer
- bygningsmessige tilhøve for avdelinga i Førde

Gjennom saka ønskjer fylkesrådmannen å få klarlagt korleis fagskulestyret og fylkesrådmannen skal arbeide vidare med utfordringar knytt til Fagskulen i Sogn og Fjordane.

Fylkesrådmannen har sendt saksutgreiinga til styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane for uttale. Eventuell uttale frå fagskulestyret vil bli ettersendt og følgje som prenta vedlegg til saka.

### **3. Fagskulen i Sogn og Fjordane – presisering av ansvar og mynde**

I samband med forvaltningsreforma i 2010 vart fagskulelova endra slik at drifts- og finansieringsansvaret for fagskulane fullt ut vart overført til fylkeskommunane.

Ot.prp. nr. 10 (2008-2009), «Om lov om endringer i forvaltningslovgivningen mv. (gjennomføring av forvaltningsreformen)», seier dette om fylkeskommunane sitt ansvar etter fagskulelova:

*«Fylkeskommunene skal overta ansvar for drift og finansiering av fagskoleutdanning. Dette innebærer at de tekniske fagskoleutdanningene og fagskoleutdanningene i helse- og omsorgsfag som fylkeskommunene i dag driver, overføres til fylkeskommunene. Fylkeskommunene får et generelt ansvar for å sørge for at det finnes et tilbud av godkjent fagskoleutdanning i fylket som tar hensyn til lokalt, regionalt og nasjonalt kompetansebehov innenfor prioriterte samfunnsområder. Fylkeskommunene står fritt til å avgjøre hvorvidt fagskoletilbudet i fylket skal realiseres i egen regi eller gjennom finansiering av private tilbydere. Fylkeskommunene bør legge til rette for gode samarbeidsordninger som tillater studentene å velge fagskoletilbud på tvers av fylkestilhørighet.»*

Ansvar til fylkeskommunane kjem til uttrykk i § 1 a i lova, som lyd slik:

*«Fylkeskommunen skal sørge for at det tilbys godkjent fagskoleutdanning som tar hensyn til lokalt, regionalt og nasjonalt kompetansebehov innenfor prioriterte samfunnsområde.»*

Sogn og Fjordane fylkeskommune har, som dei fleste andre fylkeskommunar, realisert fagskoletilbudet i eigen regi. Dette inneber at fylkeskommunen har ansvaret for drifta på lik line med ansvaret for dei vidaregåande skulane i fylket og for andre fylkeskommunale einingar.

Det er fylkestinget som er det øvste organet for all fylkeskommunal verksemd, jf. kommunelova § 6. All utøving av fylkeskommunal kompetanse skjer i utgangspunktet på vegner av fylkestinget. Dette harmonerer dårleg med fagskulelova § 3, som slår fast at fagskulane skal ha eit styre som øvste ansvarlege styringsorgan.

Fylkesrådmannen meiner denne konflikten mellom fagskulelova og kommunelova skapar uvisse om kva for fullmakter styret for fagskulen eigentleg har og kva for oppgåver fylkestinget, eventuelt fylkesrådmannen, har overfor fagskulen. Det er difor behov for ein gjennomgang av dette.

Oppgåvene og ansvaret til styret er omtalt i fagskulelova § 3. Føresegna lyd slik.

«Fagskoler skal ha et styre med minst fem medlemmer som øverste ansvarlige styringsorgan. Styret er ansvarlig for at studentene får den utdanning som er forutsatt som grunnlag for godkjenningen, at alle vilkår for eventuelle statlige tilskudd overholdes og at virksomheten for øvrig drives i samsvar med gjeldende lover og regler. Styret er ansvarlig for at de opplysninger som blir gitt godkjenningsorganet og utdanningssekken, er korrekte og fullstendige. Tilbyder skal ha en administrativ og faglig ledelse som skal stå for den daglige driften av utdanningen innenfor de retningslinjer og pålegg styret har gitt. Den administrative og faglige ledelse ansettes av styret. Studenter og ansatte skal ha representanter med møte-, tale- og forslagsrett i alle tilfeller der styret behandler saker av betydning for gjennomføringen av godkjent fagskoleutdanning. Studentrepresentantene og ansattrepresentantene velges av og blant studentene og de ansatte. Departementet kan gi forskrifter om organisering, styring og ledelse av fagskoleutdanning, herunder bestemmelser om representasjon i styrende organer. Departementet kan vedta at det kan gjøres unntak fra loven og forskriftene til loven i forbindelse med tidsavgrensede organisatoriske forsøk.»

Det er altså styret som tilset leiinga ved skulen og elles har ansvaret for drifta av skulen. Den reelle styringsretten overfor leiinga ved skulen (rektor) ligg såleis til styret. Ei følgje av dette er at det er styret, ved styreleiar, som har personalansvaret for rektor. Rektor har sekretariatsfunksjon for styret.

Styret rapporterer til fylkestinget, som er den formelle eigaren av fagskulen. Det er fylkestinget som fastset dei overordna rammene for styret sitt arbeid gjennom politisk fastsette vedtekter og økonomiske rammer i årsbudsjettet og økonomiplanen.

Fylkestinget har også høve til å påverke utviklinga ved og drifta av skulen gjennom val til styret. Fylkestinget er i denne samanheng i same stilling som generalforsamlingar i aksjeselskap. Ifølgje vedtektene for fagskulen skal to av sju styremedlemer i styret vere politikarar (éin frå HO og éin frå HPN). Dersom fylkestinget ønskjer større innverknad i styret, er det fullt mogleg for tinget å endre vedtektene, slik at fleire enn to styremedlemer skal vere politiske medlemer. Frå fylkesrådmannen si side er det ønskeleg med anten politisk eller administrativ representasjon, ikkje den «både og»-løysinga vi har i dag. Fylkesrådmannen finn det ikkje rett å kome med tilråding til vedtektsendring på dette punktet. Minst to styremedlemer skal under alle omstende etter lova vere representantar for høvesvis dei tilsette og studentane.

I og med at det er fylkestinget som fastset dei økonomiske rammene for fagskulen, må saker som kan kome til å krevje særskilde løyvingar eller som er av overordna karakter, som t.d. lokaliseringssaker og investeringar som krev låneopptak, avgjerast av fylkestinget. Fylkesrådmannen tilrettelegg sakene for FT og eventuelle andre fylkeskommunale organ på vanleg måte. Styret vil vere ein premiss-leverandør. Saker som ikkje kan kome til å krevje særskilde løyvingar eller som ikkje er av overordna karakter, som t.d. etablering av avtalar med andre skular, kan styret avgjere sjølv. I medhald av kommunelova § 23 nr. 2 har fylkesrådmannen likevel rett og plikt til å føre tilsyn og kontroll med fagskulen og styret sitt arbeid på lik line med andre fylkeskommunale einingar.

Fylkesrådmannen vil presisere at fagskulen kan nytte seg av støttefunksjonar hjå fylkesrådmannen slik som andre fylkeskommunale einingar.

Fylkesrådmannen meiner dei gjeldande vedtektene er dekkjande for ansvarsdelinga mellom styret og fylkestinget og gjer difor ikkje framlegg om vedtektsendringar på dette punktet.

#### **4. Endring i vedtektene for fagskulen i Sogn og Fjordane som følgje av krav frå NOKUT**

Styret for fagskulen i Sogn og Fjordane vedtok i sak 12/13 å søkje om NOKUT om ei ny fordjuping i klima, energi og miljø innanfor den godkjende fagretninga bygg og anlegg. Søknaden vart send 13.09.2013.

NOKUT er eit fagleg uavhengig organ under Kunnskapsdepartementet, med eige styre som øvste avgjerdsorgan. I svarbrevet datert 20.12.2013 skriv NOKUT mellom anna :

«.....

##### *1.1 Styringsordning og reglement*

*Ved søknad om godkjenning av et utdanningstilbud som fagskoleutdanning må det foreligge dokumentasjon som viser at følgende bestemmelser er tilstrekkelig ivaretatt:*

##### *Presentasjon og vurdering*

*Styrets sammensetning oppfyller lovens krav, og det fremgår tydelig hvordan representanter for studentene og ansatte velges, og hvilke rettigheter representantene har. Styrets ansvar for fagskoleutdanningen fremgår i hovedsak klart av styrevedtektene, og dekker de fleste av de forhold styret er pålagt å ta ansvar for etter fagskoleloven og NOKUTs retningslinjer for kvalitetssikring og godkjenning etter lov om fagskoleutdanning. Styrevedtektene må imidlertid være klare på at styret er ansvarlig for at de opplysninger som blir gitt til NOKUT og utdanningssøkende er korrekte og fullstendige. Det står i vedtektene at styret er ansvarlig for å søke om godkjenning, men det fremgår ikke tydelig nok at de er ansvarlige for at annen informasjon som gis til NOKUT og til utdanningssøkende er korrekte og fullstendige.*

*Styret har ansvar for selv å behandle klager eller for å oppnevne en særskilt klagenemnd. I vedtektene som er vedtatt av fylkesutvalget står det at fylkesutvalget skal være klagenemnd ved klage på vedtak fattet av rektor eller styret. Det er ergo fylkesutvalget som har bestemt hvem som skal behandle klager, ikke styret. Det står videre at fylkesdirektøren skal oppnevne en særskilt klagenemnd for klager på avsluttende vurdering. Dette er heller ikke tilfredsstillende, da det er styret som skal avgjøre hvem som skal behandle klager. For øvrig skal det oppnevnes nye sensorer ved klage på eksamen/avsluttende vurdering.*

##### *Konklusjon*

*Nei, styreordningen er ikke funnet tilfredsstillende.*

*Tilbyder må endre bestemmelsen om klagebehandling, slik at det er styret selv som avgjør om de eller en særskilt klagenemnd skal behandle klager på enkeltvedtak.*

*Tilbyder bør vise i styrevedtektene at styret er ansvarlig for at informasjon som gis til NOKUT og utdanningssøkende er korrekte og fullstendige.....»*

Styret for fagskulen handsama i styremøtet 23.1.2014 (sak 7/14) avslaget frå NOKUT og gjorde følgjande vedtak:

1. «Styret ber om at det snarast vert fremja ei sak for fylkesutvalet om endring i vedtektene for Fagskulen i Sogn og Fjordane.»

Fylkesrådmannen tilrår at vedtektene vert endra i samsvar med tilbakemeldinga frå NOKUT. Framlegget til reviderte vedtekter følgjer saka som vedlegg 1.

I oversendingsbrevet, datert 31.01.14 (sak 14/722-1) frå Fagskulen i Sogn og Fjordane v/rektor til fylkesrådmannen, ber han om at forretningsadresse for fagskulen vert teke inn i vedtektene § 1 i samsvar med vedtak i sak 19/13. Vedtaket i fagskulestyret i sak 19/13 slår fast at Fagskulen i Sogn og Fjordane avdeling Førde og administrasjonen skal vera lokalisert i Førde så nært det teknologiske miljøet i Førde som mogleg og at maritim avdeling i Måløy vert lokalisert som no.

Vedtaket omhandlar ikkje vedtektsendring. Slik endring i vedtektene er ikkje eit krav frå NOKUT. Fylkesrådmannen ser på bakgrunn av dette ikkje grunn for å endre vedtektene på dette punktet.

## 5. NOU – framtida for fagskuleutdanninga

Regjeringa har oppnemnt eit offentleg utval som skal gå gjennom fagskuleutdanninga på breitt grunnlag, mellom anna avklare fagskulen sin plass i utdanningssystemet, korleis kompetansen vert verdsett i arbeidslivet og utdanningssystemet og korleis finansieringsordninga skal vere.

Utvalet skal levere sin endelege rapport som ein NOU seinast innan utgangen av 2014. Utvalet har fått følgjande mandat for arbeidet:

- *Utvalget skal vurdere fagskuleutdanningens rolle og plass i utdanningslandskapet og arbeidslivet.*
- *Utvalget skal vurdere hvordan fagskuleutdanningenes kvalitet, synlighet og status kan styrkes.*
- *Utvalget skal vurdere hva det betyr at fagskuleutdanningene skal være yrkesrettede. Herunder utrede hvordan samarbeid mellom fagskoler og arbeidslivet kan sikre at fagskuleutdanningen er oppdatert og relevant når det gjelder arbeidslivets og næringslivets behov.*
- *Utvalget skal vurdere hvordan det best kan legges til rette for at studenter på en hensiktsmessig måte kan bevege seg mellom fagskoler og høyskoler og universiteter, herunder hvordan det kan videreutvikles gode overgangsordninger fra fagskole til høyere utdanning.*
- *Utvalget skal se på gjeldende krav til opptaksgrunnlag, herunder fagbrev, generell studiekompetanse og realkompetanse, og vurdere om dette er hensiktsmessige opptaksgrunnlag basert på det læringsutbyttet kandidatene skal oppnå.*
- *Det vil være aktuelt å endre betegnelsen fagskolepoeng, jf. forskrift om fagskuleutdanning, etter at utvalget har foretatt en nærmere gjennomgang.*
- *Utvalget skal vurdere dagens finansieringsordning for fagskoler og utrede alternative modeller for gjeninnføring av statlig finansiering av fagskolene. Minst ett av utvalgets forslag til modell skal baseres på uendret ressursbruk. Forslag til endringer i finansieringssystemet skal fremme effektiv forvaltning.*

## 6. Fakta om Fagskulen i Sogn og Fjordane

Etter vedtak i FT-sak 40/08 vart fagskulane i Måløy og Førde frå 01.08.2009 slegne saman til ein skule med namnet Fagskulen i Sogn og Fjordane. Dei to skulane vart frå same tidspunkt avdelingar i den nye fagskulen.

### Tilbod og studenttal

Fagskulen i Sogn og Fjordane har dei siste åra hatt følgjande tilbod og studenttal (per 01.01. det aktuelle år):

Avdeling/tilbod	2012		2013	
	Tal studieplassar	Tal studentar	Tal studieplassar	Tal studentar
<b>Avdelinga i Måløy:*</b>				
Tilbod:				
1 Maskinoffiser på operativt- og leiingsnivå	24	30	24	30
2 Dekksoffiser på operativ- og leiingsnivå	24	26	24	28
<i>Sum</i>	<i>48</i>	<i>56</i>	<i>48</i>	<i>58</i>
<b>Avdelinga i Førde:</b>				
Tilbod:				
1 Elkraft - heiltid	20	16	20	12
2 Elkraft - nett	30	19	20	15
3 Bygg/Anlegg	40	33	40	24
4 Maskin	30	31	30	23
<i>Sum</i>	<i>120</i>	<i>99</i>	<i>110</i>	<i>74</i>
<b>Samla sum</b>	<b>168</b>	<b>155</b>	<b>158</b>	<b>132</b>

\*Tilboda ved avdelinga i Måløy hadde i 2012 og 2013 stor søking og det vart difor lagt til rette for å ta inn fleire studentar enn planlagt tal studentplassar. Styret si vurdering var at dette i tillegg til å redusere ventelistene, ville gje positiv verknad for den økonomiske stoda for fagskulen ved auke i det statlege tilskotet.

I tillegg kjem tilbodet innan helse- og sosialfag, som i utgangspunktet er finansiert over statlege tilskotsmidlar:

Avdeling/tilbod	2012		2013	
	Tal studieplassar	Tal studentar	Tal studieplassar	Tal studentar
<b>Avdelinga i Førde:</b>				
Helsefag	15	9	15	2

#### Tilsette

Skulen hadde per 01.01.14 20,25 årsverk og kjøper i tillegg tenester frå Måløy vidaregåande skule tilsvarande 0,7 årsverk.

#### Samarbeidspartar

Under følgjer kort omtale av status og vidare utviklingsplanar når det gjeld Fagskulen i Sogn og Fjordane sitt samarbeid med:

- *Høgskulen i Sogn og Fjordane*
  - Har i dag fellesundervisning mellom studentane 2. elkraft på fagskulen, avd. Førde og 2. året bachelor høgskulen, samla 17 studiepoeng. Studentane ved fagskulen får med dette tilgang til 2. året bachelor ved høgskulen og sparer eitt år dersom dei ønskjer å gå vidare frå fagskule til bachelor. Denne ordninga vil halde fram.
  - Energi- og elektrobransjen i fylket har sponsa bachelorutdanninga med utstyr til om lag 6 mill. kr. Samarbeidet mellom fagskule og høgskule har ført til at utstyret er plassert på laboratoriet til fagskulen og fagskulestudentane får såleis tilgang til det meste moderne utstyret i Norden/Europa. Dette samarbeidet vil halde fram også med tanke på flytting av fagskulen til nye lokale. Slik felles bruk av laboratoria (næringsliv, høgskule og fagskule) er viktig i utviklinga av teknologiutdanninga i fylke.
  - Fagskulen er og deltakar i arbeidet som skjer med for å bygge opp bachelorutdanning innan byggfag. Næringslivet er her pådrivar på same måte som for elektro. Ein ser føre seg fellesbruk av laboratoria og felles undervisning i fag. Dette med tanke på at fagskulen sine studentar som ønskjer påbygging til bachelor kan få dette med to år i eige fylke.
- *Dei vidaregåande skulane*
  - Samarbeidet knyter seg særleg til utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon. Fagskulen sin kompetanse inn mot spesielt 3-D maskinering og teikning er med å auke kompetansen til lærarane i vidaregåande skule.

- Det er skissert eit utvida samarbeid kring fagskulen sitt maskinlaboratorium for elevane i vidaregåande skule. Eventuell utvikling av felles laboratorium saman med Øyrane vidaregåande skule må kome dei andre skulane til gode. Fagskulen har samarbeidsavtalar, m.a. med Dale vidaregåande skule. Desse er tenkt for å sikre kvalitet på kompetansen innan yrkesfaga (samarbeid om utstyr og lærarkrefter) og fagskulen vil freiste å få til slike avtalar med alle aktuelle skular.
- *Næringslivet*
  - Samarbeid om utstyr plassert på tilgjengeleg felles laboratorium vil sikre næringslivet oppdatert kunnskap på moderne utstyr.
  - Fagskulen vil arbeide tett med ulike bransjar for tilpassing av studietilbod. Bruk av samlingsbasert studie etter modell frå elektrobransjen vert arbeidd vidare med.
  - Nye tilbod innan petroleumsfag som boreteknikk vert arbeidd med. Dette med tanke på oppstart i god tid før læringane frå tilbodet ved Flora vidaregåande skule har teke fagbrev.
  - I maritim næring vil arbeidet med å kunne tilby offisersutdanning for skipselektrikar halde fram. Dette med tanke på oppstart så snart læreplan for faget ligg føre. Frist frå Sjøfartsdirektoratet er 1.juni 2017.

## 7. Økonomiske rammer for fagskulen

### Finansiering av fagskuleutdanninga

Som ein del av forvaltningsreforma fekk fylkeskommunane frå 01.01.10 overført drifts- og finansieringsansvaret for fagskuleutdanninga. Det tidlegare statstilskotet vart frå same tidspunkt innlemma i rammetilskotet til fylkeskommunane, men med særskilt fordeling basert på studenttal. Søkjarar til fagskuleutdanning står fritt til å søkje fagskuleutdanning i alle fylke, uavhengig av bustadfylke for søkjar. Den samla løyvinga for landet vert fordelt til fylkeskommunane med grunnlag i faktisk tal heiltidsstudentar<sup>i</sup> etter teljing 1. oktober to år tidlegare (tildelinga for 2014 baserer seg på studenttal for hausten 2012).

I perioden 2011-2014 har nivået på den nasjonale løyvinga til fagskuleutdanning vore relativt stabil, berre oppjustert med konsumprisindeksen. Dette inneber at dersom tal heiltidsstudentar på landsbasis aukar, vil løyvinga per heilårsstudent gå ned. Den statlege løyvinga til ein fylkeskommune kan såleis bli redusert sjølv om tal heiltidsstudentar er stabilt.

I perioden 2010-2013 hadde Sogn og Fjordane følgjande utvikling når det gjeld statleg tilskot til fagskuleutdanning (i mill. kr) i rammetilskotet:

År	Statleg tilskot, særskilt fordeling i rammetilskotet	Fylkeskommunale driftsmidlar	Samla løyving
2010	11,809	7,785	19,594
2011	11,351	8,352	19,703
2012	11,076	8,721	19,797
2013	12,113	9,554	21,667
2014	9,976	12,320	22,296

Tabellen viser at den fylkeskommunale delen av tilskotet til fagskuleutdanninga i perioden 2010-2014 har hatt ein nominell auke med i overkant av 4,5 mill. kr, medan det statlege tilskotet i same periode har hatt ein nominell reduksjon med i overkant av 1,8 mill. kr. Fylkeskommunen har i perioden 2010-2013 justert den økonomiske ramma for fagskuleutdanninga tilsvarande endringane i statleg tilskot, medan den fylkeskommunale delen av tilskotet i denne perioden kvart år har auka tilsvarande pris- og lønsjustering. For 2014 vart i tillegg reduksjonen av det statlege tilskotet (nominell reduksjon i høve året før: 2,1 mill. kr) kompensert med fylkeskommunalt tilskot.

<sup>i</sup> Tal henta frå DBH (Database for statistikk om høgare utdanning) fagskulestatistikk



Fagskulen i Sogn og Fjordane hadde i 2013 eit samla budsjett på 21,7 mill. kr. Reduksjonen i den statlege løyvinga frå 2013 til 2014 utgjer i storleiksorden 10 % av det samla budsjettet i 2013.

Dersom ein ser føre seg tildeling av statlege midlar til fagskuleutdanninga i rammetilskotet for 2015 med same tilskotssum per heiltidsstudent som i 2014, vert den statlege løyvinga om lag 10,6 mill. kr. For å oppretthalde same samla løyvingnivå som i 2013 vert den fylkeskommunale løyvinga då 11,7 mill. kr (om lag 0,6 mill. kr lågare enn fylkeskommunen si budsjettløyving i 2014).

Tabellen under viser utviklinga i statleg tilskot per heiltidsstudent på Fagskulen i Sogn og Fjordane i perioden 2010-2014:

År	Statleg tilskot per heiltidsstudent
2010	0,098
2011	0,090
2012	0,086
2013	0,084
2014	0,079

I 2010 var tilskot per heiltidsstudent 0,098 mill. kr, medan tilsvarande tal for 2014 var 0,079 mill. kr.

#### Den økonomiske drifta

Det er ei utfordring for fagskulen å tilpasse drifta til dei økonomiske rammene. Skulen har frå 2010 opparbeidd seg eit betydeleg meirforbruk i høve budsjettet. I 2013 hadde skulen eit samla mindreforbruk på ordinær drift og anna verksemd på 1,2 mill. kr. Skulen reduserte med dette det akkumulerte meirforbruket frå 3,7 mill. kr i 2012 til 2,5 mill. kr i 2013. Fagskulestyret har arbeidd for å tilpasse drifta til budsjettet. Driftsresultatet for 2013 tyder på at dei er på rett veg. Det er lagt til grunn at fagskulen, dersom dei økonomiske rammene vert vidareført på nivå med 2013, skal kunne ta inn det akkumulerte meirforbruket i løpet 2014 og 2015.

Rekneskapsresultatet for fagskulen dei siste åra viser ein kostnad per heiltidsstudent på 0,141 mill. kr i 2012 og 0,152 mill. kr i 2013. Avdelinga i Førde er i leigde lokale og husleiga går difor inn som ein del av rekneskapan. Skular som er i fylkeskommunalt eigde lokale vert ikkje belasta med slik kostnad. Dersom vi korrigerer for husleiga vert kostnad per heiltidsstudent 0,125 mill. kr i 2012 og 0,135 mill. kr i 2013.

#### Fylkesrådmannen si vurdering

Det er vanskeleg å samanlikne kostnadstala for fagskuletilboda mellom fylkeskommunane. Dette m.a. fordi skulane har ulike tilbod og at skulane/tilboda er ulikt organiserte. Kostra-tala for 2013 viser ein kostnad for dei offentlege fagskulane på 0,072 mill. kr per student i gjennomsnitt for landet.

Tabellane over viser at Sogn og Fjordane har ein kostnad per student som ligg betydeleg over andre fylke. Hovudårsaka til dette er at Fagskulen i Sogn og Fjordane har eit lågt studenttal og at skulen i hovudsak har stadbaserte tilbod.

Røynsle frå dei siste åra viser at det er utfordrande å tilpasse drifta av fagskulen til dei økonomiske rammene. Utfordringa blir forsterka av at nivået på den statlege løyvinga kan variere monaleg frå år til år. Finansieringa av fagskulen har i perioden 2010-2014 endra seg frå 2010 med 60 % statleg og 40 % fylkeskommunal finansiering til 2014 med 45 % statleg og 55 % fylkeskommunal finansiering.

Med bakgrunn i den venta økonomiske stoda for fylkeskommunen i åra framover ser fylkesrådmannen det som naturleg å arbeide mot å etablere ei økonomisk ramme for fagskuleutdanninga som er på eit lågare nivå enn dagens løyving. Samstundes viser røynsle med fagskuleutdanninga over fleire år at det er svært utfordrande å tilpasse drifta til eit lågare nivå. Dette ikkje minst dersom fagskulen skal ha slagkraft til å endre/utvikle tilbodet i tråd med behova i

samfunnet. Det er grunn til å sjå føre seg at tilpassing av drifta til ei lågare økonomisk ramme enn den skulen har i dag vil krevje store endringar i organisering og tilbod.

Etter Lov om fagskuleutdanning har fylkeskommunen ansvar for å «sørge for at det tilbys godkjent fagskuleutdanning som tar hensyn til lokalt, regionalt og nasjonalt kompetansebehov innenfor prioriterte samfunnsområder». Lova pålegg ikkje fylkeskommunen å drive fagskuletilbodet sjølv og fylkeskommunen kan såleis oppfylle krava i lova ved å finansiere private tilbydarar av fagskuleutdanning. Ei slik ordning vil kunne gje lågare kostnader enn dagens ordning, men vil samstundes redusere fylkeskommunen sitt høve til å styre utviklinga av fagskulen. Fagskulen har ei viktig rolle som tilbydar av opplæring til arbeidslivet og er såleis eit viktig verkemiddel for den regionale utviklinga som fylkeskommunen har ansvaret for.

Som ein del av den varsla NOU-en som skal leverast seinast innan utgangen av 2014, skal finansieringsordninga for fagskulane vurderast. Dette inkluderer alternative modellar for å på nytt å innføre statleg finansiering av fagskulane. Fylkesrådmannen meiner det vil vere uheldig å setje i gang omfattande arbeid med endring av organiseringa av fagskuleutdanninga no, når det frå sentralt hald er i gang omfattande arbeid med grunnlaget for utvikling og finansiering av fagskuletilbodet. Det vil vere ei utfordring for fagskulestyret å tilpasse drifta til dei økonomiske rammene på ein måte som gir naudsynt handlingsrom for å utvikle tilbodet.

I samband med Kommuneproposisjonen for 2015, som vart lagt fram 14.05.14, kom regjeringa med framlegg til nytt inntektssystem. Framlegget inneber at fylkeskommunen, i løpet av ein overgangsperiode på fem år, vil få ein reduksjon i dei økonomiske overføringane frå staten på omlag 235 mill. kr samanlikna med i dag. Dette er ein monaleg større reduksjon enn fylkestinget har innarbeidd i vedteke budsjett og økonomiplan.

Som følgje av dei nye inntektsføresetnadene ser fylkesrådmannen det som svært viktig at alle saker med økonomisk verknad vert handsama som ein del av heilskapen i samband med budsjett- og økonomiplan. Fylkesrådmannen tilrår at dei økonomiske rammene for Fagskulen i Sogn og Fjordane vert handsama som ein del av prosessane med årlege budsjett og økonomiplanar.

## **8. Bygningsmessige tilhøve for Fagskulen i Sogn og Fjordane, avdeling Førde**

### Lokalisering av avdeling Førde

Som vist tidlegare gjorde fagskulestyret m.a. følgjande vedtak i saka om arealbehov:

«Fagskulen i Sogn og Fjordane avdeling Førde og administrasjonen skal vera lokalisert i Førde så nært det teknologiske miljøet i Førde som mogleg.»

### *Fylkesrådmannen si vurdering*

Bestillinga av gjennomgang av drift og organisering av Fagskulen i Sogn og Fjordane i budsjett 2014 og økonomiplan 2014-2017 var m.a. basert på at fagskulen har signalisert behov for nye lokale og at fylkeskommunen som følgje av skulebruksplanen får ledig areal ved fleire skular i fylket.

Som det går fram av punkt 4 i saksutgreiinga har fagskulen eit tett samarbeid med ingeniørutdanninga ved høgskulen i Sogn og Fjordane. Samarbeidet er i stor grad basert på felles bruk av laboratorium og felles undervisning i fag. Dersom ein skal kunne halde fram og vidareutvikle dette samarbeidet, må fagskule- og høgskuleutdanninga vere lokaliserte til same område.

Fagskulen har også eit nært samarbeid med vidaregåande skular i fylket. Samarbeidet med fagskulen vil truleg vere lettast å få til for skular som er lokaliserte nær fagskulen, men det er ein ambisjon frå fagskulen at dette samarbeidet skal kunne kome dei andre vidaregåande skulane til gode.

Fagskulen i Sogn og Fjordane har samarbeid med næringslivet m.a. om utstyr plassert på tilgjengeleg felles laboratorium. Denne type samarbeid krev samlokalisering, noko som også går fram av fagskulestyret sitt vedtak i saka om arealbehov.

I samband med budsjett- og økonomiplanarbeidet for 2014 - bestillinga om gjennomgang av drift og organisering av Fagskulen i Sogn og Fjordane – har fylkeskommunen motteke innspel frå NHO Sogn og Fjordane og Sunnfjord Næringsråd, jf. vedlegg 2 og 3. Innspela vart lagt fram for fylkesutvalet til orientering på møtet 06.11.13.

I NHO sitt innspel, notat datert 18.10.13, heiter det m.a.:

«Uroa vår no er knytt til at Fagskulen skal bli ein del av skulestrukturkabal, som vi ikkje trur er avslutta. Dagens struktur, med ei avdeling i Måløy og ei i Førde, meiner vi er viktig å halde på. Vi er redde for at tilbodet skal bli spreidd utover på fleire skular i fylket og såleis miste krafta si som kompetansesenter innan dei ulike fagområda.

Vi vil i staden oppmode om at det blir lagt til rette for at Fagskulen i Førde blir knytt sterkare opp mot HiSF og ingeniørmiljøet der, inkl. laboratoriumsfasilitetane. Slik NHO Sogn og Fjordane ser det vil ei slik kopling kunne gje gode effektar både i høve til rekruttering til realfaga, omdømet og adekvat kompetansetilgang.

Som nemnt er Fagskulen i dag ein svært viktig leverandør av kompetanse til eit næringsliv som treng kvalifisert arbeidskraft. Dette behovet vil ikkje bli mindre med åra. Då treng vi meir enn nokon gong å bygge opp sterke og attraktive fagmiljø. I eit fylke som Sogn og Fjordane kan ikkje slike miljø byggast alle stader. Ein lyt prioritere.»

NHO viser vidare til at det er uavklara kven som i framtida skal stå som eigar av fagskuleutdanninga og meiner ut frå dette at det vil vere uklokt å vurdere strukturelle grep for fagskulen i fylket.

Sunnfjord Næringsråd poengterer i sitt innspel, notat datert 05.11.13, at det er svært viktig for rekrutteringa til næringslivet og offentleg sektor at opplæringstilbodet ved Fagskulen i Sogn og Fjordane blir halde oppe ved avdelingane i Førde og Vågsøy. I den grad endringar skal skje meiner dei tilbodet bør styrkast ved å gi eit meir omfattande utdanningstilbod. Dei understrekar i innspellet at det er behov for ei god og varig løysing for fagskulen si avdeling i Førde og at avklaringa kjem så snart som mogleg.

Etter fylkesrådmannen si vurdering er det mogleg å sjå føre seg at tilbodet ved avdeling Førde kan lokaliserast til ledig fylkeskommunalt undervisningsareal, anten samlokalisert som ei eiga avdeling, eller med ei meir desentralisert organisering opp mot dei vidaregåande skulane. Slike løysingar vil kunne gi økonomisk innsparing, men vil kunne ha uheldige verknader i høve punkta nemnt over. Fylkesrådmannen finn det ikkje rett å drøfte/utgreie alternative løysingar no.

#### Nye lokale for avdeling Førde

Fagskulestyret gjorde m.a. følgjande vedtak i saka om arealbehov:

«Proessen med eventuell flytting må kunne gjennomførast i god tid før utgangen av noverande leigeavtale 01.8.2015.»

#### *Fylkesrådmannen si vurdering*

Det i gangsette arbeidet med ein NOU om framtida til fagskuleutdanninga inneber ei betydeleg uvisse i høve framtidig eigarskap og finansiering av fagskuleutdanninga. Fylkesrådmannen meiner det er vil vere uheldig frå fylkeskommunen si side å binde seg opp til nye leigeavtar eller avtar om samarbeid om areal før vi kjenner føringane frå sentrale styresmakter når det gjeld framtida for fagskuleutdanninga.

Fagskulen i Sogn og Fjordane, avd. Førde held til i leigde lokale på Sanderplassen i Førde. Leigeavtalen går ut 01.08.2015, men i avtalen ligg det opsjon på at avtalen kan forlengast år for år fram til 01.08.2021. Fylkeskommunen har årleg om lag 2,1 mill. kr i leigeutgifter.

Dagens areal i leigde lokale er godkjende, men er ikkje oppdaterte til dagens standard på mange område. Arealbruken ber og preg av at dette er lokalitetar ein har leigd i mange år, med ulike tilpassingar og endringar etter kvart. Endringar i undervisningsform, utviklinga på skuletilbodet og ikkje minst det generelle kravet til moderne lokale til både elevar og tilsette tilseier at det er behov for å vurdere endringar.

Fylkesrådmannen vil her peike på følgjande alternativ:

- opprusting av eksisterande areal (med reforhandling/forlenging av eksisterande leigeavtale)
- søke etter nye leigeareal
- bygge egne areal (ev. flytte til andre fylkeskommunale ledige areal).

Felles for alle alternativa er at dei etter alt å døme vil medføre ei auke i kostnadane samanlikna med dagens relativt låge kostnader. Det er fagskulen si prioritering å søke etter nye lokale i Førde, jf. styrevedtak (sak 19/13).

Slik det er vist i saksutgreiinga over er det svært utfordrande for fagskulestyret å tilpasse drifta til vedteke budsjett, og som nemnt er det grunn til å sjå føre seg at flytting til nye lokale i Førde vil auke kostnadane for skulen. Fylkesrådmannen ser det som lite realistisk at fagskulen kan klare å dekke eventuell meirkostnad innanfor den økonomiske ramma.

På bakgrunn av momenta over meiner fylkesrådmannen at noverande leigeavtale bør vidareførast fram til vi kjenner føringane frå sentrale styresmakter når det gjeld framtida.